

Radøy kommune

Att.: Tonje Nepstad Epland

Stord, 23. mars 2018

DETALJREGULERING FOR MANGER SENTRUM AUST, SOLEND – GBNR 48/16 MFL., RADØY KOMMUNE Oppdragsstadfesting

Bakgrunn for oppgåva

Me takkar for tildeling av utarbeiding av detaljregulering for Manger sentrum aust, og oversender med dette oppdragsstadfesting inkludert vedlegg med revidert framdriftsplan og timeestimat for planprogram.

Hovudføremål er å leggja til rette for ny brannstasjon og offentleg veginfrastruktur i og knytt til aktuelt område. Delar av området inngår i eldre reguleringsplanar (reguleringsplan for Manger Sentrum – Radøy Auto, reguleringsplan for Manger sentrum, reguleringsplan for Hesthaugen og reguleringsplan for RV 565 Tolleshaug – Soltveit) som vert heilt eller delvis erstatta av den nye reguleringsplanen.

Skildring av oppgåva

Planen skal leggja til rette for etablering av ny brannstasjon samt ivareta eksisterande område for offentleg tenesteyting, renovasjon, industri/næring mv. Detaljreguleringa skal vektleggja m.a. gode trafikale løysingar for å skape oversiktlege tilhøve, og dermed god trafikktryggleik for mjuke og harde trafikantar i både normale trafikalsituasjonar og beredskapssituasjonar (utrykning). Vidare skal planen vektleggja gode tilkomst- og parkeringstilhøve knytt til det interkommunale busenteret, barnehagen, helsehuset, samt verksemdene innanfor industriområdet og framtidig brannstasjon.

Utarbeiding av planen inneber følgjande:

- Oppstartsmøte med kommunen
 - o Avklara oppdragsgjever sine forventningar og oppnå ei felles forståing av innhald i og omfanget av reguleringsplanen
 - o Synfaring i planområdet
- Framskaffe plangrunnlag, grunnlagsdata
 - o Systematisere og vurdere eksisterande data og ev. foreslå naudsynte suppleringar
- Utsending av oppstartsmelding og handsaming av innkomne innspel
 - o Oppstartsmelding, planavgrensing, naboliste og offentlege instansar
- Arbeidsmøte
 - o Synleggjering av ev. problemstillingar og interessekonflikhtar
- Utarbeiding av planframlegg
 - o Planomtale inkludert konsekvensvurderingar og ROS-analyse med utgangspunkt i KMD sin sjekklister for planbeskrivelser og Nordhordland sin startpakke for planarbeid.

Oppdragsstadfesting

- Planføresegner utforma på grunnlag av plankartet, nye føringar og føringar frå eksisterande planar som ev. vil vidareførast til ny plan
- Plankart utarbeidd i samsvar med kart- og planforskrifta, samt §§12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova
- Innsending av komplett planframlegg for politisk handsaming

Oppdraget gjeld fram til 1. gongshandsaming av planen.

Trafikkvurderingar, inkludert gode parkeringstilhøve, vert eit viktig tema i planarbeidet. Løysingar knytt til trafikksituasjonen må fastsetjast tidleg i planarbeidet. Dette inneber kontakt med blant anna Statens vegvesen for å finna gode løysingar. Tilbodet inkluderer skissering av inntil to alternative trafikk- og parkeringsløysingar.

Med bakgrunn i kort frist for innlevering av komplett planforslag, legg me til grunn at det ikkje vert naudsynt med konsekvensutgreiing (KU) og planprogram etter forskrift om konsekvensutredninger. Dersom dette likevel vert aktuelt, får det konsekvensar for framdriftsplan og timebruk. Dette vert avklara med kommunen i oppstartsmøtet.

Framdrift

Tildeling av oppdraget er planlagt innan mars 2018, og oppdraget skal vera ferdigstilt for oversending til planmynde seinast innan 31.07.2018. På bakgrunn av dette har me sett opp eit forslag til ein førebels framdriftsplan for prosjektet. Fleire detaljar kring framdriftsplanen vil verta avklart i samarbeid med kommunen.

Det er lagt opp til to møte i tilbodet; eitt oppstartsmøte og eitt arbeidsmøte undervegs.

Framdriftsplan

Vedlegg knytt til oppdragsstadfestinga syner revidert framdriftsplan og timeestimat for planen *dersom* den skulle visa seg å krevja konsekvensutgreiing (KU) og planprogram. Avklaring om dette vert gjort på oppstartsmøte med kommunen. Det kan verta forskyving i framdriftsplanen avhengig av finansielle avklaringar i kommunen og tidspunkt for oppstartsmøte.

| | |
|--|----------------------|
| Oppstartsmøte | Veke 14 (april) |
| Framskaffe plangrunnlag, grunnlagsdata | Veke 14-15 |
| Utarbeiding og utsending av oppstartsmelding | Veke 15 |
| Høyring av oppstartsmelding (6 veker) | Veke 15-20 |
| Handsaming av innkomne merknadar | Veke 20-21 |
| Arbeidsmøte | Veke 21-22 |
| Utarbeiding av planframlegg | Veke 22-27 |
| Sumarferie | Veke 27-30 |
| Innlevering til 1. gongshandsaming | 31.07.2018 (Veke 31) |
| 1. gongshandsaming i kommunen | September 2018 |
| Offentleg ettersyn (6 veker) | Veke 38-43 |
| Justering/ferdigstilling av plan | Veke 44-47 |

Oppdragsstadfesting

Oppdraget inkluderer arbeid fram til innlevering av komplett planforslag til 1. gongshandsaming. Eventuelt vidare arbeid må avtalast med kommunen, og vert fakturert etter medgått tid.

Medarbeidarar i oppdraget

I det følgjande er det gitt ei oversikt over tilbydd personell, kva rolle den einskilde er tiltenkt i oppdraget, og ei kort skildring av erfaring frå tilsvarande oppdrag.

| Namn | Rolle i oppdraget | Erfaring |
|---------------------------------|---|---|
| Øyvind Skaar | <i>Oppdragsleiar</i> . Kvalitetssikring av planomtale, konsekvensvurdering og ROS-analyse | 1,5 års erfaring med planarbeid frå Multiconsult og Fjell kommune. |
| Andreas Wendt | <i>Ass. oppdragsleiar</i> Vegplanlegging og trafikkvurderingar | 30 års erfaring frå vegplanlegging i Tyskland, COWI, Rambøll, Akvator og Multiconsult. |
| Bernhard Endseth Nerland | Plankart, planomtale, konsekvensvurdering og ROS-analyse | 4 års erfaring frå Akvator/Multiconsult med planarbeid, mellom anna digitalisering og framstilling av plankart og KU. |
| Nina Skjerping | Føresegner, kvalitetssikring plankart | 10 års erfaring med planarbeid frå Akvator/Multiconsult med fokus på digitalisering og framstilling av plankart og kontroll, samt føresegner. |

Kvalitetssikring

Oppdraget vil bli kvalitetssikra i høve til Multiconsult sitt styringssystem. Systemet er bygd opp med prosedyrar og skildringar som er dekkande for kvalitetsstandard NS-EN ISO 9000:2000.

Pris og oppdragsvilkår

Multiconsult vil utføra oppdraget med eit honorarbudsjettt på kr **307 200,- eks. mva**. Prisen gjeld for både alternativ A og alternativ A+B skissert i brev datert 12.03.2018 vedrørande svar på spørsmål. Timepris vert kr **960,- eks. mva**. Eventuelt tilleggsarbeid vert fakturert med ein timepris på kr 960,- eks. mva.

Prisen er basert på at oppdraget kan gjennomførast som skissert i tilbodbrev/oppdragsstadfesting. NS 8402 - *Alminnelige kontraktsbestemmelser for rådgivningsoppdrag honorert etter medgått tid* vert lagt til grunn for oppdraget.

Kostnadar knytt til reise til og frå møte vert fakturert etter satsane i Statens reiseregulativ.

I tillegg til prisestimatet over kan me levera opsjonspris på følgjande tenester:

- VA-rammeplan (kr 140 000,- eks. mva.)
- Planprogram – sjå presisering i vedlegg

Oppdragsstadfesting

Arbeid med særskilde KU-utgreiingar i samband med ei eventuell konsekvensutgreiing kjem som tillegg til avtalt honorarbudsjet, sjå òg vedlegg.

Timeestimat

| Arbeidsoppgåve/fag | Timeestimat |
|---|-------------|
| Oppstart | 60 |
| Planomtale/føresegner | 90 |
| Plankart/illustrasjonar | 30 |
| Veg/trafikk | 70 |
| Prosess/oppdragsleiing | 50 |
| Eksterne møte/synfaring/reisetid/reservetimar | 20 |
| SUM | 320 |

Dersom De er samd i tilviste føresetnader for oppdraget, vert De beden om å kontrasignere ein kopi av føreliggjande brev og returnere til Multiconsult så snart som mogleg. Dersom De har innvendingar til dei tilviste føresetnader, blir De beden om å melde dette til oss.

Føreliggjande vilkår for denne oppdragsstadfestinga gjeld og for arbeid Multiconsult, på oppdragsgivars initiativ, måtte utføre forut for aksepten.

Me takkar for oppdraget, ser fram til eit positivt samarbeid og ser fram til Dykkar retur av kontrasignert kopi av føreliggjande brev.

Med vennleg helsing

Multiconsult

Svein Andersland
Seksjonsleiar, Samferdsel og infrastruktur
Multiconsult avd Stord

Aksept/bestilling:

Stad/dato: _____ den, _____

Oppdragsgivar

Vedlegg:

1. Revidert framdriftsplan og timeestimat planprogram